



Årsmelding
Etne
Frivilligsentral
2022

Frivilligsentralen er mangfoldige møteplassar bygd på premissar og lokale ønskjer til det frivillige arbeidet, ivaretatt av ein tilsett i samhandling med frivillige, lag og foreiningar og Etne kommune

Innleiing

Etne Frivilligsentral er ei stifting, stifta av Etne kommune, Etne Røde Kors og Skånevik Sokneråd. Me jobbar for å stimulera til auka frivillig innsats, og å skapa fleire møtepunkt mellom menneske i lokalsamfunnet. Målet er å initiera og følgja opp prosjekt som oppstår frå grasrota, og som er til lokalsamfunnets beste. Me jobbar for å byggja ned fordommar, auka mangfaldet og å auka deltakinga til ekskluderte og passive grupper av befolkninga. Sentralen er ein møteplass for lokalt utviklings- og nærmiljøarbeid, og ein arena og brubbyggjar mellom enkeltmenneske, frivillige lag, organisasjonar og det offentlege.

Visjon: «Saman skaper me gode og inkluderande lokalsamfunn»

Frivilligsentralen har ein dagleg leiar i 100% stilling.

Det blir anslått å ha brukt om lag 10.000 frivillige timar i 2022.

2022 var året til det frivillige og i lag med Etne kommune arrangerte me ein stor fest for frivillige på Skakke kultur og idrettssenter den 30.11.2022. Festen vart ein stor suksess.

Frivilligsentralen har jobba for å få til godt samarbeid og samhandling med andre lag og organisasjonar samt Etne kommune. Dette til beste for alle.

Styremedlemer

NAVN:	ROLLE:	FORHOLD:
Asbjørn Opedal	Styreleiar	Etne Røde Kors
Hilde Selland	Styremedlem	Etne Kommune
Dagfinn Ytrenes	Styremedlem	Skånevik Sokneråd
Ingrid Sævareid	Styremedlem	Frivillig
Berit Haaland	Vara	Etne Røde Kors
Ragnhild Underhaug Ness	Vara	Etne Kommune
Iren Ness	Vara	Skånevik Sokneråd
Ada Leknes	Vara	Frivillig
Solveig Kvamme	Dagleig leiar	Ansatt

Regnskap: Tveit Regnskap

Revisor: TSrevisjon

Styret har hatt 4 styremøte og 1 årsmøte i 2022.

Styremøtene inneheld faste saker:

- Økonomi,
- Aktivitetar
- Planar.

Drift, økonomi og marknadføring

Frivilligsentralen har ca. 80 frivillige, lojale og flinke personar som stiller opp til ulike aktivitetar. Stor del av desse frivillige er foreldrevakt på ungdomsklubb og open hall. Det har tidlegare vore hovudsakleg seniorar, men ettersom me har fleire aktivitetar retta mot ungdom har det komme fleire yngre frivillige. Frivilligsentralen leiger lokale ved Etne Bustadskiping. Her har me eigne faste aktivitetar, i tillegg har me framleige til Psykisk helse og rus-tenesta i Etne kommune og andre enkelte arrangement. Dagleg leiar har ein fast kontordag annakvar veke i Skånevik. Me har også faste aktivitetar ved Etne og Skånevik omsorgssenter. Dagleg leiar er nettverksleiar for Frivilligsentralar i Sunnhordaland og deltek jamleg på møte med Norges Frivilligsentraler. Me har også nettverksmøte 3-4 gonger i året.

Frivilligsentralen mottok kr. 760.000,- fra Etne kommune til drift av sentralen i 2022. Me har ein sponsoravtale med Etne sparebank som utgjør kr. 25.000,- i året. I tillegg søker Frivilligsentralen på midlar hos andre aktørar som Elagsfondet, Sparebankstiftelsen, Sparebanken Vest, Gjensidigestiftelsen, Vestland fylke og andre til arrangement og prosjekt.

Følgjande marknadføringstiltak blei gjennomført i 2022:

- Eiga nettside med alle aktivitetar, arrangement og prosjekt.
- Gratis marknadføring på Norsk Friluftsliv si nettside.
- Dagleg publisering på Facebook om kva tilbod som finst.
- Distribuert plakatar og informasjonfaldarar i nærområde.
- Månedleg annonsering i Grannar med oversikt over tilboda me har.
- Laga ein film i lag med Omega Design for å skaffa fleire frivillige og for å vise våre tilbod.

Nokre av våre aktiviteter og samarbeidspartnarar

Open fritid er eit samarbeid mellom Etne Frivilligsentral og andre lag og organisasjonar, blant dei Etne bibliotek, Etne IL, Etne Røde Kors og Etne jeger og fiskeforening om uorganiserte, åpne og gratis møtestader der barn og unge kan møtast på fritida.

Me har i 2022 gjennomført:

- EtneLeikane, aktivitetsdag for personar med nedsett funksjonsevne.
- Open fritid i lag med Etne bibliotek. Syng av strandveske og trykk på motiv



SY DITT EIGE NETT OG LAG VINYLTRYKK PÅ DET! **FOR: 10-16 ÅR**

TYS DAG 17. AUGUST
KOM INNOM I ØPNINGSTIDA
(MELLOM 13.00 - 19.00)
OG SY DITT EIGE NETT ☺
(me hjelper deg)

Lag nett i ein av desse fargane:-)

LAUR DAG 21. AUGUST
KL. 14.00 - 16.00
ME LAGAR TRYKK PÅ NETTA
MAX 6 DELTAKARAR
(Påmelding til biblioteket)

Eller noko du har heime du har lyst å laga trykk på ☺

Me har fått vinylkuttar:-)

STOFFA AV:

FRIVILLIG Etne Frivilligsentral
Biblioteket Etne Bibliotek
04 Sparebankstiftelsen i Sørlandet

ET SAMARBEID MELLOM ETNE FRIVILLIGSENTRAL OG ETNE BIBLIOTEK

Nokre av våre nye aktivitetar

Me har i 2022 gjennomført:

- 2 dagar på Frønsdals Aktivitetsgard for 4.-7. klasse under planleggingsdagar for barnehage og skule.

Tilsaman deltok over 80 barn.



Nokre av våre aktivitetar og samarbeidspartnarar

Me har i 2022 gjennomført:

- Friluftslivets veke

5. år på rad gjennomførte vi friluftslivets veke.

I år kunne me endeleg overnatta ute igjen!



Nokre av våre aktivitetar og samarbeidspartnarar

DIGITALHJELPA

Rettleiing i data,
mobil og nettbrett

Digitalhjelpa

Vil du ha hjelp med tekniske ting? Digitalhjelpa er eit tilbod der du kan få hjelp ei fast tid i månaden.



Etne kommune

Kva kan du spørje om hjelp til?

- Korleis motta og sende sms
 - Kva er ein app
- Korleis betale rekningar i nettbanken
 - Korleis bruke Vipps
 - Korleis fungerer e-post
 - Korleis søke på nett
- Korleis ta bilete og video med telefon og nettbrett
- Korleis komme inn på Altinn, Digiposten og Helsenorge
- Korleis starte ein videosamtale
- Me prøver å hjelpe om du har andre spørsmål, men du får kanskje beskjed om å komme igjen seinare

**Vil du bli ein av
hjelparane på
Digitalhjelpa eller vite
når neste kurs eller
drop-in skal vere?
Ta kontakt!**



Frivilligsentralen sitt arbeid i Etne Kommune i 2022

Eldreomsorg

Omsorgssentra:

- Søkja midler til prosjekt, og hjelp til utføring av prosjekt
- Lagar planr for aktivitetr og arrangement gjennom Spaserstokken
- Lagar kalenderoversikt over månadlege aktivitetar til Omsorgssenteret i Etne og Skånevik samt plakatar som informasjon til bebuarane.
- Frivillige som hjelper bebuarane med brukarundersøkelsen.
- *Aktivitetar Omsorgssentrene:*
 - Sjå kalender
- *Annen hjelp:*
 - Følgjevonn til lege, sykehus og frisør
 - Handlehjelp
 - Tur/besøksvenn
 - Skyss til aktivitetar

Frivilligsentralen:

- Kafèen, ein sosial møteplass tirsdag og torsdager kl. 09:00 – 14:30
- Sitjedans
- Rusleturen
- Onsdagsturen
- Seniortrim
- Lunsj

Frivilligsentralen og andre samarbeidspartnarar:

- Åresal med Røde Kors
- Matombæring Lions i Etne og Skånevik
- Den glade tralle «trille» på Omsorgssenteret
- Digihjelpen i lag med Biblioteket.
- Andakt på Ståvo


Kommunikasjonsforum:

- Deltar og skriv referat fra møte med «pårørande gruppa»
- Samarbeidsmøte med leiinga i helse og omsorg
- Møte med referansegruppa i helse og omsorg

Kalender Etne Omsorgssenter november 2022

Aktivetskalender mai 2022
Etne Omsorgssenter



Dato:	Dag:	Tidspunkt:	Aktivitet:	Sted:
02.05.2022	Mandag	12:00	Bingo	Foajeen
04.05.2022	Onsdag	11:00	Rusletur	Rusleløypa
04.05.2022	Onsdag	16:30	Konsert Dag Arne Saltnes m/Trio	Foajeen
05.05.2022	Torsdag	11:00	Andakt	Foajeen
09.05.2022	Mandag	12:00	Bingo	Foajeen
11.05.2022	Onsdag	11:00	Rusletur	Rusleløypa
16.05.2022	Mandag	12:00	Bingo	Foajeen
18.05.2022	Onsdag	11:00	Rusletur	Rusleløypa
19.05.2022	Torsdag	11:00	Andakt	Foajeen
19.05.2022	Torsdag	16:30	Den glade tralle «Trille» et samarbeid med 	Alle avdelinger
20.05.2022	Fredag	10:30	Musikkterapi	Foajeen
23.05.2022	Mandag	12:00	Bingo	Foajeen
25.04.2022	Onsdag	11:00	Rusletur	Rusleløypa
25.05.2022	Onsdag	16:30	Allsang	Foajeen
30.05.2022	Mandag	12:00	Bingo	Foajeen

Møte mellom mennesker

A: Postboks 48
5591 Etne
T: +47 90 23 83 54
Web: etne.frivillig.no
Org.Nr.:988 816 191

Kalender Skånevik Omsorgssenter oktober 2022

Aktivitetsskalendar Skånevik Omsorgssenter Februar 2022



Dato:	Dag:	Tidspunkt:	Aktivitet	Sted:
01.02.2022	Tirsdag	11:00	Andakt	Stue 2. etg.
01.02.2022	Tirsdag	12:00	Seniortrim	Stue 2. etg.
02.02.2022	Onsdag	11:00	Karaprat	Stue 2. etg.
07.02.2022	Mandag	11:00	Mandagskaffen	Stue 2. etg.
08.02.2022	Tirsdag	11:00	Seniortrim	Stue 2. etg.
14.02.2022	Mandag	11:00	Mandagskaffen	Stue 2. etg.
15.02.2022	Tirsdag	11:00	Seniortrim	Stue 2. etg.
16.02.2022	Onsdag	11:00	Karaprat	Stue 2. etg.
21.02.2022	Mandag	11:00	Mandagskaffen	Stue 2. etg.
22.02.2022	Tirsdag	11:00	Seniortrim	Stue 2. etg.
22.02.2022	Tirsdag	17:30	Gladssong	Stue 2. etg.
28.02.2022	Mandag	11:00	Mandagskaffen	Stue 2. etg.

Møte mellom mennesker

A: Postboks 48
5591 Etne
T: +47 90 23 83 54
Web: etne.frivillig.no
Org.Nr.:988 816 191

Frivilligsentralen sitt arbeid i Etne Kommune i 2022

Barn/unge og familie

- Ungdomskubbene i Etne og Skånevik.
- Deltak på foreldremøte og sørgjer for å registrera alle foreldrevakter. Set opp halvårlege planar for vakter og sender ut påminning kvar veke.
- Søkjer midlar til arrangement og utstyr for ungdomsklubben.
- «Open fritid» i lag med Biblioteket. Søkjer midlar til arrangement og utstyr.
- Etne Leikane med idrettslaget.
- Camp Hjørnås med Røde Kors.
- Aktivitetsdag på Osnes under friluftslivets veke

Kommunikasjonsforum:

- Medlem Etne ungdomsklubb sitt styre og skriv referat.
- Førebur og deltek på årsmøte. Lagar attestar til ungdomsrepresentantane i styre for ungdomsklubben.
- Deltak på fellesmøte for foreldre ved skulestart.
- Fortløpande møte med samarbeidande lag og foreningar.
- SLT arbeidsutval



Kvar måned har me annonse i Grannar med oversikt over aktivitetane våre.

Frivilligsentralen



NOVEMBER 2022

Tysdagar	kl. 09-14.30	Kaféen en sosial møteplass
Tysdag 1. og 15.	kl. 10.00	Drop-in Digihjelpen
Tysdagar	kl. 10.30	Bingo
Tysdagar	kl. 11.30	Sitjedans
Tysdagar	kl. 13.00	Middag.
Onsdagar	kl. 11.00	Rusleturen
Onsdagar	kl. 10.30	Onsdagsturen fra Etne/Skånevik (Etne partall)
Torsdagar	kl. 09-14.30	Kaféen en sosial møteplass
Torsdagar	kl. 11.00	Seniortrim
Torsdagar	kl. 12.00	Lunsj
Torsdag 3. og 17.	kl. 15.00	Andakt og kaffikos
Måndag 14.	kl. 16.00	Kaffedrøs og åresalg

Etne Omsorgssenter:

Måndagar	kl. 12.00	Bingo i Foajeen
Onsdagar	kl. 11.00	Rusleturen
Tirsdag 15.	kl. 11.00	JUL «Der ingen skulle tru at nokon kunne bu» med Oddgeir Bruaset
Torsdag 3. og 17.	kl. 11.00	Andakt
Torsdag 17.	kl. 16.30	Den glade tralle «Trille»
Onsdag 30.	kl. 16.30	Allsang i Foajeen

Skånevik Omsorgssenter:

Måndagar.	kl. 11.00	Måndagskaffen
Tysdagar	kl. 11.00	Seniortrim (kl. 12 den 1 i mnd)
Tysdag 1.	kl. 11.00	Andakt
Onsdagar	kl. 10.30	Onsdagsturen fra Skånevik/Etne (Skånevik oddetallsveker)
Onsdagar.	kl. 11.30	Karaprat (oddetallsveker)
Onsdagar.	kl. 13.00	Middag på Fjordhotellet (oddetallsveker)
Tysdag 22.	kl. 17.30	Gladsong

Biblioteket i Skånevik:

Måndag 21.	kl. 17-19	Drop-in Digihjelpen
------------	-----------	---------------------

Skånevik idrettshall:

Fredag 4. og 18.	kl. 19.00	Ungdomsklubb og Open hall
------------------	-----------	---------------------------

Skakkesenteret:

Fredag 11.	kl. 19.00	Ungdomsklubb og Open hall
------------	-----------	---------------------------

Sjøperlo i ølen:

Måndag 28.	kl. 18.00	Kveldskafè. Møteplass for kreftberørte og deres pårørende
------------	-----------	---

Møte mellom mennesker



etne.frivilligsentral.no

På lag med:

ETNE SPAREBANK



Oppsummering

Det fysiske arbeidsmiljøet ved Sentralen har vore tilfredsstillande gjennom året. Sentralen er godt etablert og er ein viktig aktør i Etne kommune. Me har som mål å vera eit knutepunkt i den frivillige aktiviteten i Etne kommune, med søkjelys på samarbeid med andre lag, organisasjonar og kommunen.

Frivilligsentralen er i ei særstilling når det gjeld å ha direkte kontakt med menneske i lokale samfunn, og skal kunna fanga opp behov og trendar raskt. Frivilligsentralen kan tilby eit breitt spekter av aktivitetar til menneske i alle aldersgrupper og har bidrege til å skapa gode opplevingar, og eit levande og varmt nærmiljø for menneske i Etne kommune og nærliggjande kommunar.

Styre vil takka;

Etne kommune for tilskot og støtte til drifta.

Sparebank Vest for sponsoravtale og gåver.

Fylkeskommune, Elagsfondet, SKL og Haugaland Kraft for midlar til aktivitetar.

Styret er godt nøgde med innsatsen til daglig leiar!

***Me rettar ein stor takk til alle frivillige som har vore med på å gjera
Frivilligsentralen synleg også i 2022.***

Alle har noko å gi og alle treng en hand!

Me brenn for at menneske skal møtast og berika kvarandre!

Å bidra for andre gjennom frivillig innsats skapar ny mening i livet!



Etne Frivillig Sentral